

## «Hørings svar redskapsemner»

### Emne A - realfag

I barndommen las eg mykje. Mellom anna «Asbjørnsen og Moe» si samling av norske folkeeventyr. Planutkastet til «Realfaglig redskap» minna meg om eventyret «Askeladden og de gode hjelperne». Eg er redd utkastet gjer som Per og Pål.

Norsk matematikkråd har dei siste 40-50 åra testa forkunnskapane til studentar ved Norske høgskular og universitet. Manglane dei har avdekka er at mange av studentane ikkje har forstått mellom anna prosent og brøkrekning.

Studentane vi har på fagskulane er ikkje betre stilt. Ved inngangen til studiet mangler for mange for mykje av det dei skulle ha kunna frå grunnskule og vidaregåande skule. Dei treng repetisjon før dei går vidare og lærer realfag å kjenna som eit reiskapsfag.

Men, om vi har kulepunkt med prosentrekning og brøkrekning i planen så ber vi om «trau». Og det er «trau» vi får, ikkje «et skip som kan gå like godt både til lands som til vanns og i lufta med».

Studieplanen kan ikkje vera eit forsøk på å reparera det som skulle ha vore med frå tidlegare. Studieplanen må fortelja kor vi ynskjer at studentane skal.

Då kjem vi til det neste problemet. Studentane våre går på ulike liner. Reiskapen du treng som *arborist* er ikkje same reiskapen som du treng på *robotteknologi*. Ein felles plan for alle studieretningar vil ikkje passa godt til nokon. Ikkje om du har klare kulepunkt. Og om du ikkje har klare kulepunkt, vil planen vera vag.

Du kan laga ein nasjonal plan for bygg der du skildrar det du ventur at ein «fagskuleingeniør – bygg» skal kunna. Den kan godt ha overlapp med det som står i ein nasjonal plan for robotteknologi. Men det kan ikkje vera likt.

For å laga ein god plan for elkraft må du ta utgangspunkt i dei andre faga på elkraft. Kva treng studenten for at dei andre emna skal kunna gå lettare? Det gjer ein best på den enkelte skule i samarbeid med dei andre faglærarane på lina. Om du *vil* ha ein nasjonal plan så må det vera gjort i eit samarbeid med dei som skreiv planen for emna D, E,... på elkraft.

Beste helsing

Kåre Kristiansen

Fagskulen Vestland